

**Notat**Dato: 12.05.2014  
Arkivsak: 2014/13738-3  
Saksbehandlar: tormje

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Læreplass i Hordaland – spørsmål i fylkesutvalet 24.04.14**

Marte Malones Ap viste til referatsak frå Opplærings og helseutvalet om dei som ikkje får læreplass:

«Fylkesutvalet ber om at det legges frem informasjon om hvor mange elever med bestått i alle fag, og med god orden og oppførsel, som ikke får lærlingeplass i Hordaland. Denne informasjonen bør også vise fagområdet og elevens kjønn. Dersom denne informasjonen ikke er tilgjengelig for tidligere år, er det ønskelig at denne informasjonen registreres for 2014»

Alt inntak til dei vidaregåande skulane, både av elevar og lærlingar, vert styrt gjennom det administrative systemet Vigo. Systemet blir opna for registrering av søkjarar i januar kvart år. Før opninga av systemet vert søkjarar frå førre år sletta. Historiske data vert ikkje lagra. Når det gjeld søkjarar til læreplass, som ikkje har fått tilbod om plass, skal dei ha tilbod om Vg3 i skule dersom dei er kvalifiserte.

I 2013 vart det vedteke ny nasjonal inntaks- og formidlingsforskrift. Ei av endringane der er at dei som ikkje har fått tilbod om læreplass innan 1. september, skal kartleggjast i høve til retten dei har til Vg3 alternativ sluttopplæring i skule. Med kartlegging meiner ein i denne samanheng at ein får fram om søkjarane er kvalifiserte med tanke på utdanningsprogram/programområde, og då kan informasjonen også registrerast med omsyn til kjønn. Dette vil gje oss ei tydeleg oversikt over den gruppa som representanten Malones etterspør.

Det er fagopplæringskontoret sitt inntrykk at overgangen frå skule til læreplass i hovudsak fungerer godt for dei aller fleste søkjarar med greie karakterar og lite fråvær. I lærlingordninga er det ei forventning om verdiskaping, noko som kan bety at nokre bedrifter og bransjar set krav som går ut over det å ha bestått i alle fag. Ei anna utfordring er geografi, kvar søkjar bur og kvar læreplassar finst.

Fagopplæringskontoret vil frå hausten 2014 følgje tettare den søkjargruppa representanten Malones her trekkjer fram, og kan ha klar dei tal det blir spurt om i november 2014. Men vi har ikkje presise nok historiske tal. Det næraste vi kjem, er kor mange vi tilbyr Vg3 i skule. Desse er kvalifiserte men har ikkje fått læreplass.